



Byglandsnytt nr.17 - januar 2021

Bygland kommune ønskjer alle eit godt nyttår!

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 2. februar - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.01.

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Nyttårshelsing frå kommunedirektøren

Vel overstått jule- og nyttårsfeiring!



Håpar det var ein fin ferie og høgtid for alle saman, trass i avgrensingane pandemien fører med seg. For min eigen del må eg innrømme at eg etter kvart saknar livet utan desse avgrensingane, og er sikkert ikkje åleine om det.

Vil byrja med å takka dykk alle saman for jobben dei gjer i dugnaden vi alle er med på. Covid -19 påverkar mange av oss, og nokon av dei som står i «stormen» byrjar å bli slitne.

Samtidig er vi forhåpentlegvis i byrjinga av ein langspurt mot meir normale tilstandar. Vaksinane er i ferd med å bli rulla ut. Ein massevaksinasjon vil krevja mykje logistikk som til dømes å klargjera lokale, informera, setja sjølve vaksinen, vakthald osv. Vi jobbar med ein plan for dette, og vil prøve å gi dei som blir involverte varslings tidleg som mogleg. Følgj med på heimesida. Der vil det bli lagt ut informasjon fortløpande.

Parallelt med at vi handterer pandemien skal vi i kommuneadministrasjonen òg starta eit anna omfattande arbeid. Kommunestyret gav oss ei tydeleg bestilling før jul. Vi er i ein situasjon der inntektene sviktar og befolkningsnedgangen berre ser ut til å halda fram. Dette kjem ikkje til å løysa seg av seg sjølv. Vi må inn i ein omfattande prosess. Vi må finna ut

korleis vi kan organisera oss for å skapt vekst og utvikling, samtidig som vi leverer tenester meir effektivt.

Oppdraget vi fekk frå kommunestyret er fleirdelt. Skulestrukturen skal greiast ut innan midten av april, og ein full gjennomgang av heile organisasjonen til kommunen skal vera ferdig innan juli.

Samtidig skal vi ha ferdig ei full vurdering av konsekvensar ved innføring av eigedomsskatt.

Eg kan ikkje lova at det ikkje blir tøffe tak, men eg kan lova at vi skal gi rom for at alle involvert skal bli høyrte – spesielt i skulesaka. Ein tydeleg prosess for dette vil vera klar i januar. Håpar på engasjement når vi startar opp. Vi treng all kunnskap som er tilgjengeleg for å lykkast. Og vi må tenka nytt – saman.

Med ønsker om eit godt 2021!

Mvh.

John S. Sigridnes

Kommunedirektør

Bygland kommune

T: 99 09 46 63

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak

Til vanleg: måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – men stengt i veke 1 og 2 grunna nye koronatiltak (sjå nede)

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

NAV Bygland er ope for besøk utan avtale på torsdagar kl. 12.00-14.00

Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 99A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

Ingen møte i januar


Offentlig ettersyn

- Bygland kommuneplanen sin arealdel (se eiga artikkel s. xx)
 - Frist for innspel: **31.01. 2021**

Helse: **KORONA**

Punkt frå møte i kriseleiinga 4. januar 2021

Kriseleiinga hadde møte den 4. januar i samband med at regjeringa presenterte nye nasjonale tiltak den 3. januar (sjå s. 4)



Kommunedirektør

- Gjekk gjennom dei nye nasjonale tiltaka frå 3. januar
- Publikumsrettet blir stengt. Kommunen og sakshandsamarane vil vere tilgjengelege på telefon
- Alle tilsette som har moglegheit for det, skal ha heimekontor dei neste to vekene
- Som hovudregel skal alle møte gjennomførast digitalt. Det vil dei neste to vekene vere fokus på at kun naudsynte møte skal gjennomførast fysisk. Møte i samband med vaksinasjonsprogrammet og andre møte relatert til pandemien er å sjå på som naudsynte.
- Dei kommunale møteromma er stengt for utlån, i første omgang fram til 18. januar

Oppvekstsentra i Bygland

- Det er innført raudt nivå på ungdomsskulen. Dette medfører at ungdomsskulen går over til rutinane for raudt nivå. Barneskulen og barnehagen er framleis på gult nivå.

Helse

- Ein er i gong med å ringe til personar over 65 år som er busette i kommunen for å tilby vaksine. Meir informasjon vil kome fortløpande

Beredskap

- Alle aktivitetar i regi av idrettslaget er avlyst
- Idrettshallen er stengt på kveldstid. Hallen blir brukt på dagtid av barneskulen, men blir steng på kveldstid for å unngå bevegelse mellom ulike kohortar


Ein set i gong koronatelefonen: **941 73 912**

Denne er bemanna kvar vekedag mellom 09:00 og 12:00.

Nye koronatiltak frå 04.01.

Søndag 3. januar vart det presentert ei rekke nasjonale tiltak for å få tilbake kontrollen på smittespreiinga av koronaviruset.

Tiltaka vil i første omgang gjelda i 14 dagar (4. - 18. januar).



Tilrådingar for alle i heile landet

Sosial kontakt

- Unngå å ha gjester i heimen. Vent 14 dagar med private besøk. Unntak for nødvendige hjemmetjenester og besøk hos personar som er i den siste fasen til livet. Aleneboende kan ha besøk eller gå på besøk med ein til to faste venner eller til ein fast husstand. Barn i barnehagar og barneskular kan ha besøk frå eigen kohort. (Nytt)
- Alle organiserte fritidsaktivitetar, idrettsaktivitetar, kulturarrangement og livssynssamlinger innandørs, blir tilrådde utsett til etter 18. januar. Dette gjeld òg alle aktivitetar innandørs som samlar barn og unge på tvers av klassar/ kohortar (Nytt)

Reiser

- Unngå alle reiser som ikkje er naudsynte, i inn- og utland.

- Hytteopphald med personar frå same husstand blir det framleis ikkje rådd mot, innanfor dei lokale og nasjonale råda og reglane som gjeld.

Skular og utdanning

- All undervisning og alle planlagde arrangement ved universitet, høgskular og fagskular blir digitale fram til 18. januar. (Nytt)
- Alle dei vidaregåande skulane i landet og ungdomsskular går over til raudt nivå. (Nytt)
- Det blir gitt ikkje nasjonale føringar for nedstengning av folkehøgskulane eller bibelskulane. Folkehøgskulane følgjer tilrådingar og retningslinjer frå lokale helsestyresmakter.

Arbeidsplasser

- Heimekontor for alle som har moglegheit til dette. (Nytt)

Butikker

- Alle kjøpesenter og butikkar bør ha tal på kor mange som kan vere inne på same tid og ha kontroll på dette. Regjeringa vil vurdere om det skal bli forskrifter om dette. (Nytt)

Idrett

- Aktivitetar utendørs kan gjennomførast dersom det er mogleg å halda god avstand.
- Toppidretten og kulturutøvarar som har eit særskilt unntak med eiga regulering, blir ikkje omfatta.

Reglar for heile landet

Private sammenkomster og arrangement

- Maksimalt fem personar på private samankomstar utanfor eigen heim, som til dømes ein bursdag i leigde lokale. Viss ein er fleire enn fem i same husstand, kan sjølvsagt alle i husstanden møtast. (Nytt)
- Maksimalt ti personar på idrettsarrangement inne, kulturarrangement, seminar, livssynssamlinger, seremoniar mv., likevel 200 personar der alle i publikum sit i fastmonterte sete. I gravferder kan det vera opp mot 50 personar, sjølv om seta ikkje er fastmontert. (Nytt)
- Dei fleste av desse arrangementa vil uansett ikkje vera i tråd med nasjonale tilrådingar og bør derfor utsetjast eller blir avlyste.

Uteliv og serveringstader

- Det blir innført nasjonalt forbod mot skjenking av alkohol på serveringstader og arrangement. (Nytt)

Kyrkevandring

- Dei særlege reglane for kyrkevandringar blir oppheva straks, i staden for frå 15. januar. (Nytt)

Nye tiltak i kommunar og regionar med mykje smitta

Regjeringa legg til fleire tiltak som kommunar og regionar med stort smittetrykk bør vurderer å innføra.

- om barneskular og barnehagar skal følgja vegleiaren for "raudt nivå".
- påbod om bruk av munnbind på offentleg stad der det ikkje er mogleg å halda avstand på minimum ein meter.
- påbod om heimekontor i der dette er mogleg.
- påbod om stengning av drifta av treningssenter, bingo -og svømmehaller

Vaksine mot korona

Bygland kommune planlegg no gjennomføring av vaksinasjon. Dei som først får tilbodet om vaksine, er dei som er over 65 år.



Vi vil i løpet av denne veka ringe til alle innbyggjarane over 65 år for å få ei oversikt over kven som ønskjer vaksina, og kven som ikkje ønskjer den i første omgang.

Vaksinasjonsprogrammet

Koronavaksinasjon er ein del av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, og kommunane skal tilby innbyggjarane vaksinasjon. Noreg vil få tilgang på fleire vaksinetyper, men det er enno usikkerheit knytta til kor raskt vi får vaksinene og kan tilby desse til prioriterte grupper. Når vaksinane kjem, vil dei vere gratis for alle, og vi håpar at flest mogleg vil takke ja. All vaksinasjon i Noreg er frivillig.

Vaksinane er godkjente

Vaksinane blei klarert for bruk i Noreg 21. desember 2020. Vaksinasjon startar fortløpande, men Bygland er ikkje blant kommunane i landet som får vaksinar først. Vi veit førebels ikkje kva tid vi kan starte med vaksineringa.

Koronavaksinane er ei ny type vaksine som har svært kort bruksfrist i kjøleskap, og kven som ønskjer vaksine må difor vere avklart på førehand. Dei som ønskjer vaksine må vere tilgjengelege når vaksinane kjem til Bygland.

Dei som er prioritert

FHI gjorde 30. desember endringar i kven som skal bli prioriterte for vaksinasjon. Med den auken vi ser i smittepress i Noreg, ønskjer dei å prioritere utvalde helsepersonellgrupper høgare enn aldersgruppene over 65 år. Helsepersonell var tidlegare ikkje prioritert høgare enn dei nemnde gruppene under.

Det nye koronaviruset gir infeksjon i luftvegane. Dei fleste får ingen eller milde symptom, men nokre blir alvorleg sjuke. Dei eldste og dei som har enkelte andre sjukdomar frå før har størst risiko for å få alvorleg sjukdom.

I starten vil det ikkje vere nok vaksinar til alle som blir tilrådd koronavaksine. Basert på råd fra Folkehelseinstituttet har regjeringa gitt følgjande prioritering, med de øvste prioriterte først:

- Bebuarar i sjukeheimar og omsorgsbustadar
- Eldre over 85 år
- Eldre over 75 år og deretter dei over 65 år
- Personer 18–64 år med ein eller fleire nærmare spesifiserte sjukdomar som dei har frå før

Dei som takkar ja til vaksine

I første omgang vil dei over 65 år få spørsmål om dei vil ha vaksine eller ikkje.

- Dei som svarer ja blir prioritert til å få vaksine først
- Dei som svarte nei blir ikkje prioritert i denne runden, men kan få vaksine seinare om de ønskjer det

Den som skal vaksinerast vil få ein SMS eitt døgn før dei skal vaksinerast med informasjon om klokkeslett. Dei som har gitt beskjed om at dei ikke kan motta SMS, blir oppringt i staden.

Sidan vaksine må bli sette innan kort tid, er det viktig at alle møter til oppsett time.

Alle som skal vaksinerast må få to doser. Prosedyren med SMS-varsel vil bli gjenteke når den andre dosen skal setjast etter ca. 21 dagar. Det er viktig at alle er tilgjengelege og kan møte på kort varsel. Vaksinen vil først starte å virke ei veke etter den andre dosen er sett.

For meir informasjon rundt vaksine: sjå kommunen sin heimeside bygland.kommune.no

Drift og Forvaltning

Bleke observert i Dåsvatn for første gang på 100 år

I Dåsvatn vart ei gytemoden bleke observert nyleg. Dette er første gong på nesten 100 år! Bleka forsvann i Dåsvatn pga. sur nedbør. Dåsvatn har blitt kalka dei siste 3 åra. Då har vi bleke ikkje berre i Byglandsfjorden og Otra, men også i sidevassdraget Dåsåna ved Hornnes.



Smågnagarkurs

Personar som eig og/eller leiger ein landbrukseigedom kan få autorisasjon for å bruke enkelte gnagarmidlar.

Kurs vinteren 2021 (5 t. + 1 t. eksamen):

- måndag 1. februar kl. 9.00-14.00
- onsdag 10. mars kl. 17.00-22.00

For meir informasjon og påmelding: sjå Bygland kommune sin heimeside



Plantevernkurs vinteren 2021

For å kunna kjøpa og bruka plantevernmiddel må du ha eit autorisasjonsbevis, såkalla sprøytesertifikat. Då må ein gjennomføra kurs og bestå eksamen. Beviset gjeld i 10 år.

Kven treng dette?

Ordninga gjeld alle som bruker plantevernmiddel til dømes bønder, gartnarar og skogbrukarar. Dessutan tilsette i bedrifter, skular og offentleg verksemd



som bruker plantevernmiddel. Er du i tvil om du kan få beviset, ta kontakt med kommunen før kurstart.

Fornyng - du må ha eit utskrive bevis frå før. Du kan fornya sjølv om det har gått ut.

Mattilsynet har godkjent at kurs kan gjennomførast heimefrå via PC pga. koronasituasjonen.

De vil då få tilsendt ein link på e-post og kan delta. Du trenger ikkje å installera noko program på førehand.

Tidspunkt:

1. gong: (2 dagar, vel eit av kursa/kulepunkta)

- fredag 15. januar kl. 9.00-14.00 og fredag 22. januar kl. 9.00-13.00.
- onsdag 3. februar kl 17-22 og onsdag 10. februar kl. 17-21.
- måndag 1. mars kl 9-14 og fredag 5. mars kl 9-13.
- torsdag 29. april kl 9-14 og onsdag 5. mai 9-13

Fornyng: (vel ein av datoane)

- fredag 15. januar kl 9-14
- onsdag 3. februar kl 17-22
- måndag 1. mars kl 9-14
- torsdag 29. april kl 9-14

For meir informasjon om eksamen, eksamensdato, kursbok, kursavgift og påmelding: sjå Bygland kommune sin heimeside eller her:

<https://agder.nlr.no/kurs/plantevernkurs/>

Setesdal brannvesen IKS informerer: **Gebyr for**

feing og tilsyn

Feing og tilsyn inngår i dei kommunale avgiftene som blir bestemt av kommunen. Du betaler eit årleg gebyr uavhengig av når feing og tilsyn blir gjennomført.

Fritidsbustad /byggverk er no på lik linje med bustad om krav til feing og tilsyn. Kravet er ei ny forskrift av Justis- og beredskapsdepartementet. Det er ikkje kommunen eller Setesdal Brannvesen IKS som har bestemt at denne feieravgiften skal bli belasta alle med fritidsbustad/ byggverk. Årsaka er at styresmaktene ønsker meir fokus på førebyggjande tiltak og informasjon.



Hyppigheit på feiing og tilsyn skal vera risikobasert. Det betyr at når feiing/tilsyn er utførte første gong, vil det deretter variera frå 1 til 8 år før neste besøk. Det vil ta fleire år før vi rekk gjennom med førstebesøk i alle byggverk. Når det gjeld gebyr for feiing og tilsyn så er dette basert på sjølvkost (Forskrift om utrekning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr (sjølvkostforskrifta); sjå: lovdata.no)

Fuglinfluensa i Noreg hausten 2020

Agder er eit av høgrisikoområda for fuglinfluensa i Noreg. Mattilsynet oppmodar folk som reiser langs sjø og vatn og våtmarksområde om å informera Mattilsynet ved funn av sjuke eller døydde fuglar av desse artane:

- andefuglar (endar, gjess og svanar)
- måkefuglar og vadere
- rovfuglar (spesielt ørn og musvåk)
- åtseleterar (kråke og ravn)

Dette gjeld spesielt i område som fungerer som rasteplassar for trekkfuglar.

Fuglar som har døydd av ytre skadar, er avmagra eller rötne, er i utgangspunktet ikkje aktuelle å undersøka for fuglinfluensa. Men, ved funn av døde fuglar av dei ovanfor beskrivne artane utan synleg dødsårsak, bør det lokale Mattilsynet kontaktast på tlf. 22 40 00 00.

Av omsyn til generell smittefare skal ein unngå å komma i fysisk kontakt med sjuke og/eller døydde fuglar.

Registrering av hobbyfjørfe: I risikosona må du registrere dyreholdet ditt: https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/fjorfe/

Pleie og Omsorg

Vaksinering av bebruarane på Byglandsheimen

No startar vaksineringa av bebruarane på Byglandsheimen i tråd med dei nasjonale prioriteringane. Vaksinering er sjølvstilt frivillig.

Dei fyrste vil bli vaksinert i veke 1, og så vil dei andre som ønskjer det bli vaksinert etter kvart som det kjem vaksinar til kommunen.

Når det gjeld besøk på Byglandsheimen er det framleis dei same retningslinene som før jol (sjå *Byglandsnytt nr. 16 - desember 2020*), men i



perioden fram til 18. januar ber vi om at besøk blir heldt på eit minimum ut frå regjeringa sine vedtak og tilrådingar.

Lenke til nasjonale tilrådingar finn du her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/besok-kommunale-helse-og-omsorgsinstitusjoner/>

Kultur

Rydding og sal på biblioteket i januar

I tida framover held vi fram med samlingsutvikling på biblioteka på Bygland og Byglandsfjord.

Da må mange bøker ut av samlinga. Kanskje er det ei eller anna bok du kan ha lyst på? Det blir stadig nye bøker på salet framover. Prisen er 5 kr for kvar bok, lydbok eller dvd. Biblioteket held open som vanleg.



Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND
<https://bygland.kyrkje.no/>

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

sundag 17.01. kl. 16.00 Årdal kyrkje, Grendi
sundag 24.01. kl. 16.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø
(N.B. Med atterhald om endringar. Sjå annonser i Setesdølen)



Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må utsette oppstart av sine aktivitetar fram til minst 18. januar.

Informasjon om oppstartsdato og smittevern hensyn i følgje smittevernpplan vil kome fortløpande på www.bygland.frivilligsentral.no/ og www.facebook.com/bygland.frivilligsentral

N.B. Me kjører framleis ut **middag** to gonger i veka, og har **følgjeteneste**.



Gåve frå Gjensidigestiftelsen til Bygland frivilligsentral

I Gjensidigestiftelsen sin tildeling 2020 fikk Bygland frivilligsentral ei pengegåve. Stiftelsen sendte ei sjekk på heile 261.959 kr. til ungdomsarbeidet i Bygland. Vi gratulerer!



Frå venstre: Ordføraren i Bygland Sigbjørn Aage Fossdal, leiar i Bygland kultur og frivilligsentral Anne Fauske, leiar Bygland ungdomsklubb Widar Winther, fagleiar Plan Sonja Lien Skjevrek og kommunedirektøren John Salve Sigrindnes; Bilde: Liv Åsne Austad Andersen

Bygland kommune abonnerer på Tilskotsportalen

Tilskottsportalen er eit verktøy for deg som vil jobbe meir effektivt og lykkast betre i å søke tilskot til dine prosjekt.



Portalen gjer deg ein oversikt over alle tilskotsordningar som vert bydd framfor norske organisasjonar, og du kan søke etter støtteordningar og tilskot i mange ulike kategoriar.

På nyåret vil det verte arrangert kurs via ZOOM, der du kan lære korleis du skal bruke portalen for å finne tilskot. For å ta i bruk søknadsportalen må organisasjonen din registrere seg: www.tilskuddsportalen.no - Søk etter kommunen din i søke-feltet. Alle kontaktpersonar må registrere seg som brukarar, og det blir gjeve tilgang til opptil tre brukarar frå kvart lag. Hugs å registrere kva for forening du representerer og kva for rolle du har i denne. Dersom du får tekniske problemar med innlogging eller bruk av tenesta, kan du kontakte support ved å sende e-post til support@tilskuddsportalen.no eller tlf: 62 52 13 00

Film 1: kl. 17.30 – Operasjon Nordpolen - Svippen på eventyr

OMTALE:

Den arktiske reven Svippen held til dagane sine med å sortera post for det arktiske postkontoret. Likevel lengtar han i all løyndom etter å bli ein Top Dog, ein av selskapets verdsette husky-kurerer. Når ein uvanleg pakke dukkar opp, bestemmer Svippen seg for å stela ein slede og levera pakken til den mystiske destinasjonen sin for å bevisa dugleiken sin. Undervegs snublar han uforvarande over eit uhyggeleg komplott som den utspekulerte Otto Von Walrus står bak.

BILLETTPRIS: 100 kr.

FILMFAKTA: Regi: Aaron Woodley. Språk: norsk. Produksjonsår: 2019. Sjanger: Animasjon /Barnefilm. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 32min. Aldersgrense: 6 år.



Film 2: kl. 19.30 – Den største forbrytelsen

OMTALE

26. november 1942. Etter ordre frå den tyske okkupasjonsmakta blir ein storstilt politiaksjon igangsett over heile landet. I Oslo er over 300 politifolk, hirden og NS-medlemmer kalla inn for å hjelpa. Over 100 drosjer er rekvirerte til oppdraget. Jødiske kvinner, menn, barn og eldre skal arresterast og deporterast same dag. - Forteljinga om familien Braude står i sentrum for handlinga i filmen. Ein vanleg norsk arbeidarfamilie som inntil desse skjebnesvangre dagane hadde levd liva sine i tryggleik på Grünerløkka.

BILLETTPRIS: 120 kr.

FILMFAKTA: Regi: Eirik Svensson. Språk: norsk. Produksjonsår: 2020. Sjanger: Drama /Spenning. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 2t. 6min.

Skodespelarar: Jakob Oftebro, Kristine Kujath Thorp, Eilif Hartwig, Carl Martin Eggesbø, Michalis Koutsogiannakis, Pia Halvorsen, Silje Storstein, Nicolai Cleve Broch, Axel Bøyum, Anders Danielsen Lie, Mads Ousdal

Aldersgrense med grunngiving: 12 år. Denne filmen handlar om jødedeportasjon i Noreg under 2. verdskrig. Filmene har ei utrygg stemning og inneheld enkelte blodige valdsskildringar og scener med mishandling av jødar i ein interneringsleir.




Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 17:

Bilete: Framside: Skomeheia av Line Haugaa, Innhald: S. Hegenscheidt, pixabay.com, Bjørn Barlaup, Norsk NORCE, Anne Fauske, Liv Åsne Austad Andersen, Bygdekinoen. Red.notat og Kva skjer: S. Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane!
Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Neste utgåve Byglandsnytt: 02. februar 2021



Redaksjonen ønskjer alle eit godt nyttår!



**KVA SKJER I
BYGLAND?**

Januar 2021


(Med atterhald om endringar)

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT <i>(med atterhald om endringar)</i>
tysdag 05.01.	Bygland skule, 9. kl.	kl. 17.00	Flaskeinnsamling for Polenturen 2022 – heile Bygland kommune
sundag 17.01.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 16.00	Gudsteneste
fredag 22.01.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
sundag 24.01.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	Kl. 16.00	Gudsteneste
onsdag 27.01.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	Kl. 17.30	Operasjon Nordpolen - Svippen på eventyr; 6 år
		Kl. 19.30	Den største forbrytelsen; 12 år
fredag 29.01.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00



Tømekalender i Bygland kommune Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00



Grøn dunnk = Restavfall
Brun dunnk = Malavfall

Grøn dunnk = Papir
Plastsekk = Plast = Glas/Metall

2021

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evtje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

Januar

Veke 53

1 Fredag
2 Laurdag
3 Sondag

Veke 1

4 Måndag
5 Tysdag
6 Onsdag
7 Torsdag
8 Fredag

9 Tysdag
10 Sondag

Veke 2

11 Måndag
12 Tysdag
13 Onsdag
14 Torsdag

15 Måndag
16 Fredag
17 Laurdag

Veke 3

18 Måndag
19 Tysdag
20 Onsdag
21 Torsdag
22 Fredag
23 Laurdag

Veke 4

24 Sondag

25 Måndag
26 Tysdag
27 Onsdag
28 Torsdag
29 Fredag
30 Laurdag
31 Sondag

Februar

Veke 5

1 Måndag
2 Laurdag
3 Onsdag
4 Torsdag
5 Fredag
6 Laurdag
7 Sondag

Veke 6

8 Måndag
9 Tysdag
10 Onsdag
11 Torsdag
12 Fredag
13 Laurdag
14 Sondag

Veke 7

15 Måndag
16 Tysdag
17 Onsdag
18 Torsdag
19 Fredag
20 Laurdag
21 Sondag

Veke 8

22 Måndag
23 Tysdag
24 Onsdag
25 Torsdag
26 Fredag
27 Laurdag
28 Sondag

Veke 9

29 Måndag
30 Tysdag
31 Onsdag

Mars

Veke 9

1 Måndag
2 Tysdag
3 Onsdag
4 Torsdag
5 Fredag
6 Laurdag
7 Sondag

Veke 10

8 Måndag
9 Tysdag
10 Onsdag
11 Torsdag
12 Fredag
13 Laurdag
14 Sondag

Veke 11

15 Måndag
16 Tysdag
17 Onsdag
18 Torsdag
19 Fredag
20 Laurdag
21 Sondag

Veke 12

22 Måndag
23 Tysdag
24 Onsdag
25 Torsdag
26 Fredag
27 Laurdag
28 Sondag

Veke 13

29 Måndag
30 Tysdag
31 Onsdag

April

Veke 13

1 Torsdag
2 Fredag
3 Laurdag
4 Sondag

Veke 14

5 Måndag
6 Tysdag
7 Onsdag
8 Torsdag
9 Fredag
10 Laurdag
11 Sondag

Veke 15

12 Måndag
13 Tysdag
14 Torsdag
15 Onsdag
16 Fredag
17 Laurdag
18 Sondag

Veke 16

19 Måndag
20 Tysdag
21 Onsdag
22 Torsdag
23 Fredag
24 Laurdag
25 Sondag

Veke 17

26 Måndag
27 Tysdag
28 Onsdag
29 Torsdag
30 Fredag
31 Sondag

Mai

Veke 17

1 Laurdag
2 Sondag

Veke 18

3 Måndag
4 Tysdag
5 Onsdag
6 Torsdag
7 Fredag
8 Laurdag
9 Sondag

Veke 19

10 Måndag
11 Tysdag
12 Onsdag
13 Torsdag

Veke 20

14 Fredag
15 Laurdag
16 Sondag

Veke 21

17 Måndag
18 Tysdag
19 Onsdag
20 Torsdag
21 Fredag
22 Laurdag
23 Sondag

1. pinsending
2. pinsesdag

Veke 22

24 Måndag
25 Tysdag
26 Onsdag
27 Torsdag
28 Fredag
29 Laurdag
30 Sondag
31 Måndag

Juni

Veke 22

1 Tysdag
2 Onsdag
3 Torsdag
4 Fredag
5 Laurdag
6 Sondag

Veke 23

7 Måndag
8 Tysdag
9 Onsdag
10 Torsdag
11 Fredag
12 Laurdag
13 Sondag

Veke 24

14 Måndag
15 Tysdag
16 Onsdag
17 Torsdag
18 Fredag
19 Laurdag
20 Sondag

Veke 25

21 Måndag
22 Tysdag
23 Onsdag
24 Torsdag
25 Fredag
26 Laurdag
27 Sondag

Veke 26

28 Måndag
29 Tysdag
30 Onsdag

Nesirtoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00. Stengt 25. 2. 2021.



Tømekalender i Bygland kommune

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00

Grå dunk = Restavfall
Brun dunk = Matavfall



Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast



= Glas/Metall

2021

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00

Juli

1 Torsdag
2 Fredag
3 Laurdag
4 Sondag

5 Måndag
6 Tysdag
7 Onsdag
8 Fredag
9 Fredag
10 Laurdag
11 Sondag

12 Måndag
13 Tysdag
14 Onsdag
15 Torsdag
16 Fredag
17 Laurdag
18 Sondag

19 Måndag
20 Tysdag
21 Onsdag
22 Torsdag
23 Fredag
24 Laurdag
25 Sondag

26 Måndag
27 Tysdag
28 Onsdag
29 Torsdag
30 Fredag
31 Laurdag

August

1 Sondag
2 Måndag
3 Tysdag
4 Onsdag
5 Torsdag
6 Fredag
7 Laurdag
8 Sondag

9 Måndag
10 Tysdag
11 Onsdag
12 Torsdag
13 Fredag
14 Laurdag
15 Sondag

16 Måndag
17 Tysdag
18 Onsdag
19 Torsdag
20 Fredag
21 Laurdag
22 Sondag

23 Måndag
24 Tysdag
25 Onsdag
26 Torsdag
27 Fredag
28 Laurdag
29 Sondag
30 Måndag
31 Tysdag

September

1 Onsdag
2 Torsdag
3 Fredag
4 Laurdag
5 Sondag
6 Måndag
7 Tysdag
8 Onsdag
9 Torsdag
10 Fredag
11 Laurdag
12 Sondag

13 Måndag
14 Tysdag
15 Onsdag
16 Torsdag
17 Fredag
18 Laurdag
19 Sondag

20 Måndag
21 Tysdag
22 Onsdag
23 Torsdag
24 Fredag
25 Laurdag
26 Sondag

27 Måndag
28 Tysdag
29 Onsdag
30 Torsdag

Oktober

1 Fredag
2 Laurdag
3 Sondag
4 Måndag
5 Tysdag
6 Onsdag
7 Torsdag
8 Fredag
9 Laurdag
10 Sondag

11 Måndag
12 Tysdag
13 Onsdag
14 Torsdag
15 Fredag
16 Laurdag
17 Sondag

18 Måndag
19 Tysdag
20 Onsdag
21 Torsdag
22 Fredag
23 Laurdag
24 Sondag

25 Måndag
26 Tysdag
27 Onsdag
28 Torsdag
29 Fredag
30 Laurdag
31 Sondag

November

1 Måndag
2 Tysdag
3 Onsdag
4 Torsdag
5 Fredag
6 Laurdag
7 Sondag

8 Måndag
9 Tysdag
10 Onsdag
11 Torsdag
12 Fredag
13 Laurdag
14 Sondag

15 Måndag
16 Tysdag
17 Onsdag
18 Torsdag
19 Fredag
20 Laurdag
21 Sondag

22 Måndag
23 Torsdag
24 Fredag
25 Onsdag
26 Torsdag
27 Laurdag
28 Sondag

29 Måndag
30 Tysdag

Desember

1 Onsdag
2 Torsdag
3 Fredag
4 Laurdag
5 Sondag

6 Måndag
7 Tysdag
8 Onsdag
9 Torsdag
10 Fredag
11 Laurdag
12 Sondag

13 Måndag
14 Tysdag
15 Onsdag
16 Torsdag
17 Fredag
18 Laurdag
19 Sondag

20 Måndag
21 Tysdag
22 Onsdag
23 Torsdag
24 Fredag
25 Laurdag
26 Sondag

27 Måndag
28 Tysdag
29 Onsdag
30 Torsdag
31 Fredag